

**Oppmannsrapport
etter fellessensur i norsk skriftleg
i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane**

**Sentralt gitt eksamen
NOR0214, NOR0215 og NOR1415, 10. årstrinn**

Våren 2016

Åndalsnes 30.06.16

Anne Mette Korneliussen

Oppmann

Fellessensurmøte

Fellessensuren vart gjennomført på Quality Hotel Alexandra i Molde 14. og 15. juni. Det vart halde førebuande møte med fylkesmann og oppmenn før fellessensurmøtet byrja 14. juni.

Vi var 44 sensorar som var fordelt på 11 sensorgrupper.

Kommentarar til eksamenssettet

Eksamen i norsk ser no ut til å ha funne forma og strukturen sin. Elevane skulle i år skrive to obligatoriske tekster i del A på hovudmål og sidemål. I del B skulle elevane skrive ei tekst. Ein kan sjå ein nær samanheng mellom eksamen og kompetansemåla. Det kan vere krevjande å svare på ei kompleks oppgåvebestilling med fleire delar. Elevane treng meir trening i å tolke oppgåvene og få innhald i sentrale omgrep.

Førebuingdelen

Temaet “Arven etter Ibsen- å setje problem under debatt” har mange innfallsvinklar. Vidareføring av ei meir norskfagleg line. Utvalet av tekstar er variert og har passeleg lengd. Tekstane har ulike sjangrar og kan både inspirere, engasjere og provosere.

Oppgåvene

Oppgåvene er spissa og nært knytta til førebuingdelen og vedlegget. Kan løysast av alle elevane på alle kompetansenivå. Oppgåvene har fleire delar som elevane skal svare på. Elevane hadde fleire oppgåver å velje mellom i del B. Oppgåvene i del A er henta frå Språk, litteratur og kultur.

Hovudmål NOR0214

A1: Leseforståing- elevane henta ut pluss og minus. Nokre hadde misforstått og skriv om heile omtalen. Ein treng ikkje vise til alle punkta. Bruken av ordet rimeleg? Forstår elevane det?

A2: Det er ikkje eit krav om at elevane brukar namn på dei ulike lesestrategiane.

B1: Kjekt at dei kunne skrive om andre forfattarar.

B2: Kompleks oppgåve. Ein treng ikkje ha med alle bestillingane. Gamal tekst frå 2003. Det var stas å lese desse. Engasjement spesielt frå gutar. Virvar av bestillingar. Svake elevar misforstår. Jenter er ikkje med i dataspel.

B3: Eit av områda er ok. Var feil dato. For mange bestillingar. Fleire elevar tek ikkje utgangspunkt i teikninga. Dei skriv historia til dei tre personane, ikkje bestillinga. Førebuingsdagen kan nyttast godt til eit slikt bilete. Seie, høyre og lytte er eit satirisk tema. Kva hindrar oss i å seie frå fører til mobbesvar. Kunne ha fått meir interessant vinkling på denne!

Sidemål NOR0215

A1: Kva er eit kort svar? Samla kompetanse som gjeld. Måtte innhaldet vere i ei fast rekkjefølgje? Mange refererer innhaldet. Mange kreative tolkingar av diktet. Mange bestillingar til å skrive eit kort svar.

A2: Tre avsnitt. Flott! Ei tydeleg bestilling.

B1: Ei klassisk oppgåve. Ein blir stilt på ei prøve. Oppgåvebestillinga er krevjande t.d spenningsutvikling og replikkar.

B2: Open slutt. Mange kom ut av skapet. Dei gode tekstane skulle både framheve og skjule noko.

B3: Få elevar har skrive denne. Set problem under debatt sjølv. Skriv i liten grad ei kreativ forteljing. Mange skriv sakprega, og får ikkje med motstand eller tilbakeblikk.

B4: Ingen kommentar.

Ymse

Sensorane er godt nøgde med matrisa og vurderingsskjemaet. Begge er nyttige verkty i sensorarbeidet. Det vart peika på at matrisa ikkje klarer å fange opp alle nyansar, men at sensorane sitt faglege skjønns og vurderingskompetanse gjer at det fungerer. Matrisa bør vere på ei side. Det kunne ha vore med eit punkt om korleis eleven nytta vedlegg. Kva vil det seie å vise tekst -og leseforståing? Kva kjenneteiknar ei kreativ tekst?

Sensorskuleringa er svært viktig og gjer at tolkings- og vurderingsfellesskapet i sensorgruppa er i utvikling mot meir eins praksis.

Eksamensrettleiinga er no godt innarbeidd. Nyttig og relevant informasjon til elevar, faglærarar, skuleleiing og sensorar. Elevane skal ha fått kjennskap til denne i god tid. Skuleleiinga har her eit viktig arbeid med å spreie informasjon nedover i systemet til faglærarane.

Førehandssensuren er til god hjelp i sensorarbeidet.

Sensorane peika på at ein kunne ha fordelt hovudmål og sidemål betre.

PAS fungerte bra. Det var litt forvirrande å laste opp tekstene for å få dei i ei rekkjefølge og når ein skulle skrive inn karakterane, var kandidatnummeret i ei anna rekkjefølge.

NOR1415: Mange fekk karakteren 1.

Sensureringa gjekk føre seg utan store problem.

Sensorgruppa er no ei fin blanding av erfarne og nye sensorar.

Vurderingskompetansen ein får gjennom å vere sensor er god utdanning i vurdering for kvar einskild og gjennom spreiiing av kompetanse rundt om på skulane.

Anne Mette Korneliussen

Oppmann

